

## Materiell til sensorane i norsk hovudmål og sidemål Vg3 våren 2019

Takk for at du har takka ja til oppdrag som sensor i norsk!

Fylkesmannen har sendt deg informasjon om og retningslinjer for sensorarbeidet. Vi vil understreke at alle sensorar må setje seg godt inn i det materiellet som ligg på [www.udir.no](http://www.udir.no), og sjå desse dokumenta i samanheng. Du finn dokumenta under fana Eksamen på sida «Finn eksamensoppgaver og eksamensveiledningar», sjå vidaregåande trinn og menyen for innhaldstypar.

Alle sensorar skal kjenne desse dokumenta:

- **Eksamensrettleiinga for 2019 med vurderingsskjema:** I vurderingsskjemaet er det lagt inn nokre presiseringar i rada for språk og formelle dugleikar og i rada for kreative tekstar. Vi har også lagt inn eit overordna kjenneteikn i rada «Hovudinstrykk» om korleis svaret kommuniserer med lesaren. Det er ingen endringar i oppgåvetypar på grunnlag av læreplanen.
- **Vurderte eksamenssvar 2018:** Vi har lagt ut samlingar med vurderte eksamenssvar i norsk hovudmål og norsk sidemål frå eksamen våren 2018 med grunngiving for karakterane. Eksempelsamlinga i norsk sidemål består av fire svar på same oppgåve og eksemplifiserer karakterane 3, 4, 5 og 6. Eksempla i norsk hovudmål dekker fleire oppgåvetypar. Derfor vil alle sensorane ha nytte av å sjå gjennom begge dokumenta. Tekstane er lagt ut med løyve frå opphavspersonane, og det er ikkje eksempel på karakterane 2 og 1 – den problematikken skal vi ta opp på skoleringane.
- **Eksamensrapportar 2018** er ein gjennomgang av oppgåvene som vart gitt til eksamen våren 2018, med informasjon om korleis elevane svarte og tilbakemeldingar frå sensorar. Rapportane seier kva som kjenneteiknar gode og mindre gode svar og gir råd og tips til opplæringa på bakgrunn av dette.

Ordninga med oppmenn på fellessensuren i norsk i vgo vart innført i 2018 og vart godt motteken. Den blir vidareført i 2019, slik at sensorane har eit tilbod om rettleiing dersom dei er usamde eller usikre.

Lykke til med sensorarbeidet.

Vennleg helsing

Per Kristian Larsen-Evjen  
avdelingsdirektør

Tone Vindegg  
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent